

Saksprotokoll

Plan- og forvaltningsstyret

04.09.2017

Sak: 52/17

Tittel: Saksprotokoll - Reguleringsplan for Sogn motorsportsenter, Leirmøygarden - 2. gongs handsaming Plan id 1426-2015004
Arkivsak: 16/1827

Behandling:

PFS drøfta saka og slutta seg til Rådmannen si tilråding med unnatak av pkt 1e der vurderinga er at det ikkje er naudsynt med støyvoll mellom baner og vegkryss 604/ Leirdalen. Dette vert teke ut av tilrådinga.

Pkt 1 e vert tilrådd som i opphaveleg formulering:

1e: Reguleringsføresegnene §4.7:

4.7 Støyvoll Det skal byggast støyvoll mellom baner og garden Leirmo i sør-vest, slik som støyrapporten legg opp til. Støyvoll skal vera 2-3 meter over trase/bane. Støyvoll skal byggast inne på område for motorsport. Rekkefølgekrav: Støyvoll skal vera bygd før anlegget kan takast i bruk.

I saka er det lagt til grunn at saka skal sendast utbyggar for uttale.

Utbyggar har allereide meldt tilbake at dei ikkje har merknader til dei tilrådde endringane i planframlegget. Planen kan såleis sendast kommunestyre etter endring av føresegner, jf ovanfor. (pkt 2 i tilrådinga går ut, pkt 3 i tilrådingar vert pkt 2.)

Vedtak:

I samsvar med § 12 – 10 , i plan - og bygningslova, blir det rådd til at Plan - og forvaltningsstyret gjer slikt vedtak:

1. Plan - og forvaltningsstyret sluttar seg til vurderingar og tilråding knytte til innkomne merknader.

Planen får fylgjande endringar etter at den har vore ute til offentleg ettersyn:

a: Planområdet vert innskrenka ved at plangrensa i kartet vert flytta utanfor området som Leirdalen Bre og Juv disponerer.

b: Plankartet vert justert. Parkeringsplassen og klubbhuset vert flytta litt mot vest slik at den eksisterande innkøyringa til «lagerområdet» i skogen blir ståande som grense mellom framtidig parkeringsplass og naturområdet i aust.

c: Frisiktlinjer 6 x 115 meter også vert teikna inn på plankartet, som sikringszone frisikt.

d: Reguleringsføresegnene §4.6 Opningstider for motorsportsenter vert endra til:
Mandag-fredag frå kl. 17.00 – 21.00 Laurdag-sundag kl. 10.00 - 15.00.

e: Reguleringsføresegnene §4.7 : (ingen endring.)

2. Plan - og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak:
«I medhald av reglane i § 12 - 12 i plan og bygningslova , vedtek Luster kommunestyre reguleringsframlegg for Sogn motorsportsenter, Leirmøygarden, plan - id 1426 - 2015004, datert 22.08.2017, som detaljreguleringsplan for området. »
(jf at føresegner, pkt 1e, vert endra tilbake til opphavsleg formulering.)
